

VEDLEGG 2 - VURDERING AV SØKNADER, REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET HAUSTEN 2020

1 187 565 2 412 420 49

797 765

33

Tiltak	Søkar	Sum søkt	Total-budsjett	I % av budsjett	Kort omtale	Vurdering	Vedtak	I % av budsjett
1. Kurs i grunnleggende vedlikehald og bruk av motorsag for elevar i grunnskulen	Gloppe ungdomsskule	20 265	27 020	75 %	Gloppe ungdomsskule ynskjer å kunne tilby elevar i 10.klasse kurs i grunnleggande vedlikehald og bruk av motorsag, som ein del av faget Arbeidslivsfag. Målet med det faget er at elevar skal få erfaring med ulike utdanningsprogram i den vidaregående skulen. Kurset er tenkt gjennomført med finansiering frå fylkesmannen og kommunen.	Tiltaket er eitt kopla til rekruttering til naturbruskuddanning gjennom arbeidslivsfag, og vi synest det er positivt at skulen gjer noko ekstra ut av faget. GMU fekk også tilskot frå Sogn og Fjordane i 2019, og det er gode erfaringar frå kurset.	20 265	75 %
2. Landbruksmessa Styng	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	191 000	371 000	51 %	Landbruksmessa Styng skal vere ei publikumsmesse og initiativtakarane ynskjer å skape ein positiv, motiverande og kunnskapbyggande arena for alle med interesse for norsk matproduksjon. Messa vart utsett eit år på grunn av koronastusasjonen. Under messa skal det arrangerast ein aktivitetstøypa for nændeiklassingar frå Kinn, Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, Gloppen og Sogndal. Norsk Landbruksrådgiving Vest har ansvar for organisering og koordinering a aktivitetstøypa. Utstillarane/aktørane på messa vil stille med det faglege oppleget. Prosjektet vil omfatte organisering og planlegging av aktivitetstøypa og busstransport for elevar, og omfatter ikkje utstillarane sitt arbeid med aktivitetspostane og det faglege oppleget.	Aktivitetstøypa er eit godt tiltak for å synleggjere og vekke interesse for landbruk hos ungdom, og kan potensielt føre til rekruttering til landbrukskule. Skulane har ofte utfordringar med å dekke kostnader til transport til slike arrangement. Prosjektet vil giøre det mogleg for skulekassar å besøke landbruksmessa Styng og å delta på aktivitetstøypa.	191 000	51 %
3. Forprosjekt om rekruttering til landbrukskule via VilVite	Bergen Vitensenter AS	200 000	400 000	50 %	Prosjektet er eit forprosjekt. VilVite skal formye sitt tilbod og satsar på berekraft og teknologi. Våren 2021 tek dei sikt på å opne ei ny klima- og miljøutstilling. Dette forprosjektet tek sikt på å utvikle ein prototyp til ein installasjon/utstilling om matproduksjon i et berekrafts- og teknologiperspektiv, samt skisse til tilbod til ungdomsskule, vidaregående skule og fritidsgiester.	VilVite er godt besøkt av skuleungdom og skuleborn. Det er ein attraksjon for familar i Bergen og omegn, og tilreisande. Det er positivt at landbruk og matproduksjon kan vere representert på VilVite. VilVite er ein arena der informasjon om matproduksjon og landbruk kan nå ut til eit bredd publikum. Prosjektet kan både bidra til eit positivt omdømme og bidra til auka rekruttering til næringa. Det er essensielt at VilVite er i tett dialog med landbrukskulen og fylkeskommunen under heile prosjektet.	200 000	50 %
4. Regional modell for utveksling	Vestland fylkeskommune	40 000	302 500	13 %	I 2021 vil det truleg ikkje bli rom for internasjonal utveksling grunna pandemien. Prosjektet ynskjer å nytte høve til å teste ut utveksling mellom naturbruskulane i Vestland. I løpet av prosjektperioden skal elevar frå dei ulike naturbruskulane i Vestland teste ut veg2linjer som skulen dei går på ikkje har. Dei skal lære meir om skulen dei besøker. Dei skal bli kjent med framtidige samarbeidspartnarar og dei skal lære meir om næringa som ligg rundt skulen.	Om ein elev frå ein skule ynskjer seg ei linje frå ein annan naturbruskule er det lettare å giøre det valet om dei får hospitere på den nye skulen ei veke først. Naturbruskulane ynskjer å teste ein stipendordning der to elevar frå kvar skule kan sakje om å hospitere ei veke på ei linje som ein annan naturbruskule har. Gjennom regionalutveksling av elevar vil ein styrke nettverket av landbruksinteressert ungdom og styrke samarbeidet mellom naturbruskulen i Vestland.	40 000	13 %
5. Søknad om støtte til styreversopplæring	4H Hordaland	60 000	129 600	46 %	I februar kvart år, har 4H Hordaland invitert til helgekurser i dei ulike styreverva; leiar, kasserar, skrivar og styremedlem, for aldersgruppa 30-18 år. I tillegg blir det gitt opplæring i det å vera utsending på årsmøte. På grunn av årets smitteverntiltak må årets styreverkurs endra, mellom anna å ta hensyn til 1-metersregelen, og at skulane ikkje ønsker overnatting i klasseromma. 4H Hordaland vil i 2021 dermed tilby laurdagsamlingar i staden for helgekurs, i deira 4H-distrikt Sunnhordland, Hardanger, Voss/Ulvik/Granvin og Nordhordland. Målet er å skapa ein aktiv og samfunnssengjært ungdom med ansvarsjensle og respekt for natur og menneske.	Å tilby styreversopplæring til ungdom er eit godt initiativ, og 4H har god erfaring med slike kurs. Potensielt kan fleire av deltakarane på kursa på sikt gå inn i styreverv innan landbrukskule i Vestland. Prosjektet nærmar seg driftsstøtte, og 4H kan ikkje forvente ei tilsvarende støtte i framtida.	60 000	46 %
6. Fagdag for kompetanseheving i bringebærnæringa.	Innvik Fruktlagar SA	32 500	62 500	52 %	Innvik Fruktlagar ynskjer å vil samle næringa og føredragshaldarar til ein felles fagdag med følgjande tema på dagsorden: Raud/svart rotfrø, graskimmelresistens og andre viktige sjukdommar i bringebærkulturen, dyrkingsteknologiar i bringebær og økonomi i bringebærproduksjon. Føredragshaldarar skal mellom anna tentast frå NIBIO, NLR, FM og Graminor.	Fagdaget er eit bra tiltak som klart dekkar eit behov for næringa. På grunn av covid-19, vart møtet gjennomført digitalt og korrigert budsjett og finansieringsplan er ikkje motteke. Omsøkt sum blir sett av i påvente av oppdaterte tal.	32 500	52 %

7. Grendavise samlinger om tynning av frukt	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	54 000	90 000	60 %	<p>NLR ynskjer å arrangere 4 samlinger for eple, pære- og plommedyrkarar i 2021, for å auke bevisstheit rundt tynning av frukt og drive oppleveling av nye og erfarte produsenter. Regulering av avlingsnivået gjennom tynning, er viktig for å få jamt avlingsnivå frå år til år. Årbeidet kan gjennomførast gjennom vinterskjering, kjemisk tynning tildeig i sesongen og gjennom handtynning av kart. Kvar av dei fire samlingane skal gjennomførast i Nordfjord, Sogn og Hardanger. Samlingene skal gjennomførast som ein kombinasjon av møte og markdagar. I tillegg vil det bli lagt opp til demonstrasjonsfelt i alle områder, for å vise effekten av ulike tynningsstrategier.</p>	<p>Erfaring syner at dei fruktbandene som gjer eit godt tynningsarbeid har vesentleg mindre variasjon i avling frå år til år. Store avlingsvariasjonar påverkar bonden sin økonomi og skaper usikkerheit i høve til omsetning og marknad. Det er potensial i næringa til å bruke tynning som verktøy til å styre mot sikrare avlingar. Kvar fruktdykar får tilbod om 3 markdagar i sitt område gjennom sesongen. Målet er at dei ved å få betre kunnskap om tynning skal få jamna avling av betre kvalitet og med det, betre økonomisk resultat. Kurset blir støttet med føresetnad av at kursavgift blir ein del av finansieringa.</p>	45 000	50 %
8. Ny dyrkingsteknikk for bærproduksjon	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	111 000	185 000	60 %	<p>For å møte kunnskapsbehovet til bærdyrkjarar som startar med substratdyrkning, ynskjer NLR Vest å halde møte og kurs som gjev nye dyrkarar oppleveling i produksjonen, og etablerte produsenter høve til å utvikle seg vidare. Bærårdgevarane i NLR Vest treng også kompetanseheving i substratproduksjon for å kunne følge opp dyrkarane. Målet er at dyrkarane skal lukkast og oppnå god økonomi i produksjonen. Tiltaket skal gjennomførast som ein kombinasjon av møte og kurs, og ved at rádgjevarane driv litteratursp og tek kontakt med andre miljø som har substratproduksjon. Dette kan være miljø både i Norge og i utlandet. NLR Vest arrangerer i 2019 nybyrjarkurs i substratdyrkning og det er i dag omlag 40 da med jordber fordelt på 6 dyrkarar, i fylket.</p>	<p>Substartdyrkning er ei relativt ny produktionsform innan dyrking av bringebær og jordbær. Dyrkingsforma kan bidra til å utvide sesongen, gje sikrare avlingar frå år til år og gje mindre sjukdomsproblem. Plukkinga blir enklare, går raskare og det er lettare å legge til rette for maskinell hausting. Det er positivt å hente inn kompetanse fra område som har meir erfaring med denne typen produksjon. Intern oppleveling i NLR og tiltak som blir gjennomført før NLR har teke i mot tilskotsbrevet, kan ikkje vere ein del av prosjektet, heller ikkje som eigeninnslat.</p>	111 000	60 %
9. Kompetanseheving regenerativt landbruk i Nordfjord	Stryn Næringshage AS	130 800	424 800	31 %	<p>Stryn Næringshage har blitt kontaktata av REKO-ringen i Stryn og blitt spurt om å hjelpe med å arrangere kurs/seminar i regenerativt landbruk for interesserte bønder.</p> <p>Søkjar peikar på at regenerativt landbruk er i vinden av at flere blir medvittne kor viktig det er med god jordhelse, lokal ressursbruk på garden og sirkulærøkonomi. Matjord må røktast som levande for å gi god avdrått utan å bli utarna.</p> <p>Fleire av REKO-bøndene i Stryn har levert noko grønnsaker, og ønsker å ha meir fokus på vektskifte, lokalt tilgjengelige ressursar og på å dyrke vekster på ein fornøytig måte.</p> <p>Målet er mellom anna å auke kunnskapen om regenerativt landbruk hos dagens bønder. Fine tilbake til gammal (og dels gjevnt) kunnskap om vektskifte og ressursforvaltning på den enkelte gard.</p> <p>Søkjar vil arrangere tre samlinger på tre dagar kvar med 7-8 deltakarar.</p> <p>Søkjar argumenterer med at det er rimeligare å få inn ein instruktør til bygda enn å sende fleire kursdeltakarar ut til andre stader. Då kan skreddarsydd instruksjoner tilpassa jordsmønster, terrenget og lokale tilhøve hjå den enkelte kursdeltakaren enn kva deltakarane vil få ved å dra på.</p>	<p>Dette er eit svært dyrt kurs per deltakar, og måla ut over å auke kunnskapen om regenerativt landbruk er noko uklare. Kursinnehald og kven dei skal leige inn er ikkje spesifisert, og kostnadane ved innleige er høge. Eigeninnslat i prosjektet er kursdeltakarane si tid, og lite anna. Dei viser til at dei treng kurs under lokale høve og at deltakarane får meir ut av det kontra å reise til ein annan landsdel. Det finst gode miljø og prosjekt i Vestland i dag; t.d. Vestlandsbondens Grønnsakskurv, og miljø på Voss og SIH i Aurland der det er mogleg å hente kompetanse. Søknaden kunne med fordel vore meir gjennomarbeida, og truleg kunne ein starta med ei mindre samling/kurs der ein kartla interessa eller starta med å gjennomføre noko mindre omfattande.</p>	0	0 %
10. Bonden som byggherre 2021, muligheter og ansvar	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	98 000	170 000	58 %	<p>Kurset skal gje deltakaren grunnlag for ein god planprosess i forkant av eit byggeprosjekt, og vere med på å sikre ei god gjennomføring av prosjektet. Kurset tek føre seg bonden sin rolle i dei ulike fasane rundt eit byggeprosjekt. Kurset vil vere nytlig både for dei som har konkrete planar, og dei som tenker bygging fram i tid. I kurset vil vi vere innom dei fleste område rundt prosessen; frå ide/skissestade med vegval og planlegging, til de praktiske rundt kontrakter, finansiering, konkurransesetting, byggelining og plan for sikkerhet-helse og miljø(SHA).</p>	<p>God søknad til innovasjon Norge tyder på at det er stor byggeaktivitet i landbruket i Vestland. Det er viktig at bonden får tilgang på kompetansen han/ho treng for å gjennomføre byggeprosjekta på ein best mulig måte. Kurset har vore gjennomført tidligare og har fått gode tilbakemeldingar. Dette kurset skal bruke erfaringar frå tidligare kurs for å tilpasse kursmateriell.</p>	98 000	58 %
11. Søknad om støtte til marknadsavklaring - Odelheim	Ståle Loftesnes	250 000	250 000	100 %	<p>Det er sendt like søknader til både RK og RT. Søknaden vert håndsama under RT.</p>	<p>Det er sendt like søknader til både RK og RT. Søknaden vert håndsama under RT.</p>	0	0 %